

From: Edvard Hartvigsen <edvard.hartvigsen@eninvest.net>
Sent: 21. desember 2017 20:49
To: Bjørkhaug Eirik
Subject: Uttale vedrørende fornying av reguleringskonsesjon Svelgen 1

Follow Up Flag: Follow Up
Due By: 21. desember 2017 22:41
Flag Status: Flagged

Bortneelva er berørt av Svelgen 1.

Grunneigarane v/elveigarlaget er positive til fornying av reguleringskonsesjonen, føresett at konsesjonæren også i framtida vil vere ein

sterk bidragsytar når det gjeld tiltak som kan bidra til auka produksjon av anadrom laksefisk i vassdraget.

SFE/Svelgen Kraft har gjennomført kultiveringstiltak i Bortneelva i 2016/17, i samarbeid med Statens Vegvesen, Nordfjord Vassområde/Bremanger kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si miljøvernavdeling.

Oppfølging/overvaking av gjennomførte tiltak er også eit viktig punkt.

Tilbake i 1967, ved urreigningsskjøn i Sunnfjord Heradsrett vedrørende utbygginga, vart det av fiskeriinspektør Joakim Harstad peika på at fiskestammen burde styrkast i elva. Retten gav ikkje medhald i dette, då dei meinte verdiane av fallrettane var større enn skade på fiske.

Vårt syn er at ei regulering som fører til ei varig endring av vassføringa, må ha med plikter som sikrar at konsesjonæren bidreg til anadrom laksefisk for framtida.

Mvh Edvard Hartvigsen
Leiar Bortnen elveigarlag